

# HaNo-dagane 2012

## Velkomen til årets HaNo-dagar!

### Meny

Kjøtkaker m/  
ertestuing  
Kylling i  
curygryte  
m/ris og  
salat  
(laurdag).  
Sweet & chopsey  
svin m/ris og  
salat (søndag).  
Vårrullar m/ris og  
salat.

Kiosk og kafeteria hei-  
le helga!

HaNo-dagane 2012  
nærmar seg, og HaNo-  
daganenemnda er godt i gong  
med planlegginga.

Laurdag og søndag 1. og 2.  
september er vi i gong igjen!

Det er andre året messa går  
føre seg i  
Nordøyhallen.

Mykje er gjort sidan i fjor,  
og i år har vi prøvd å legge  
enno bedre til rette for at  
de som publikum og hjelparar  
skal ha ei kjekk helg på  
HaNo-dagane.

Vi har no bikka 40 standar,  
og er godt fornøgde.

I år er vi så heldige å få  
samarbeide med  
skulekorpsa til Haramsøy,  
Flem og Lepsøy om ein flott  
konsert med sjølvaste Brass  
Brothers. Dei kjem utover på  
søndag og skal ha seminar  
med korpsa, før dei spelar  
opp til konsert på scena i  
hallen. Det blir ei flott  
avslutning på helga!

Juniorgruppa til UL Fram  
underheld oss med eit utdrag  
frå Snøkvit og dei sju dver-  
gane på laurdagen. Det  
gler vi oss til!



Laurdags kveld håper vi  
mange vil vere med på Øy-  
faktor!

Det blir kampar både laurdag  
og søndag. Damene spelar  
kamp mot Larsnes på laurdag  
kl 15. Herrelaget spelar mot  
Ravn søndag kl 1630.

Med andre ord: ta turen til  
Nordøyhallen i helga—det er  
der det skjer!

## Øyfaktor 2012

For andre gong arrangerer vi Øyfaktor under HaNo-  
dagane.

Første gongen vi arrangerte det var i fjor, og det vart  
ein stor suksess då vinnaren Sofie Urke Øines gjekk av  
med sigeren.

I år er det ny sjanse for å vise fram talent av alle slag.

Vi håper mange deltakarar vil underhalde  
publikum på scena laurdag kl 1830 og utover.

Vi håper på mykje publikum og god underhaldning!

## Lotteri

Som i fjor skal vi ha eit storlotteri med  
flotte  
gevinstar. Vi kan friste med noko for alle!  
Har du for eksempel lyst på to splitter nye  
Twin stolar, verdi 7000,- pr stk, frå Helland  
Møbler? Lodd kan kjøpast inne på  
messeområdet heile helga!





## Dette hender i helga!

I tillegg til å ha mange standar der du kan handle, så har vi ei stor scene med mykje god underhaldning, middagsservering og kafe. Alt under eit tak!



### LAURDAG:

Kl 1100: Messa startar.

Kl 1400: Ungdomsgruppa til UL Fram viser fram litt frå teaterstykket Snøkvit og dei sju dvergane.

Kl 1500: Damekamp: HaNo - Larsnes.

Kl 1730: Messa stengjer for dagen.

Kl 1830: Øyfaktor 2012!



### SØNDAG:

Kl 1130: Messa startar.

Kl 1500: Konsert med Brass Brothers og Haramsøy skulekorps, Flem skulekorps og Lepsøy skulekorps.

Kl 1630: Herrekamp: HaNo—Ravn

Kl 1730: Messa sluttar.



## For dei minste

Dei minste skal ha det kjekt på HaNo-dagane.

I år kan vi mellom anna tilby

- Minigolf
- Andre barneaktivitetar
- Sceneunderhaldning
- Teiknekrok
- Bruskasseklatring



## Standar på messa:

- Sporten Brattvåg - *sportsutstyr*
- Motebua - *klede*
- Sparebanken Møre - *rådgjeving*
- Aseco - *smykker og ur*
- Paletten - *frisør*
- Aalesund Oljeklede (laurd) - *m.a. regnklede*
- Cute `n cool house (laurd) - *interiør*
- Brattvåg bok og papir - *bøker og leiker*
- Brattvåg synssenter - *briller og synstest*
- Polarbad - *boblebad*
- Ole Kjerstad - *fisk*
- Choc O`Plaisir - *lokal sjokolade*
- Gamleskulen - *lokal histoire*
- Oddgeir Otterlei - *varmepumper*
- LHL - *informasjon*
- Torstein Slyngstadli - *målarkunst*
- Gamlebanken fotoklubb - *fotoutstilling*
- Seaside Custom - *bilklubb*
- TFØ / UFØ - *trafikk*
- Mariannes Design - *smykker*
- Euronics - *elektronisk utstyr*
- Perfect Home - *interiør*
- Rolls Royce - *bedrift*
- Gunnvor Stene Søvik - *glaskunst*
- Ann Karin Myhren - *handarbeid*
- Mary Døving - *handarbeid*
- Lill Sørensen - *heimestrikk*
- Nordøyhallen - *informasjon*
- Ingrid Ulla - *glassblåser*
- Bente Ulla Hatlehol - *aromaterapi*
- Solfrid/Jeanette - *ernæring/refleksolog/trening*
- Toyota - *bilar*
- Kulør Interiørbuda - *interiør og tekstil*
- ML&M - *nydeleg god mat*
- Brattvåg Sko - *sko*
- Brattvåg Båt og Fritid - *kjøken/jernvarer*
- Smultringmannen - *smultringar*
- Silje U. Kandal - *redesign barneklede*
- Olav Skarstein - *fotoutstilling*
- Natalie - *hudpleier*
- NAF Motorsport



Det er mykje spennande å sjå på og få kjøpt under messa. Og ikkje minst mange kjekke folk som du kan slå av ein prat med!





**HaNo FK ønskjer alle hjarteleg velkomne til  
årets HaNo-dagar i Nordøyhallen!**

